



VOLDA KOMMUNE
Avdeling for dokumentasjon og service

Til utviklingsavdelinga for vidare arbeid,

Regine Solberg Aklestad

Vår referanse
21/533 22/23966

Din referanse

Sakshandsamar
Sonja Håvik

Dato
25.11.2022

Melding om vedtak - Kommuneplanen sin samfunnsdel - slutthandsaming

Kommunestyret har i møte 24.11.2022, sak 88/22, fatta følgjande vedtak:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, jf. pbl. § 11-15, med nytt delmål under 5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn: Vi legg til rette for folk som vil busetje seg i kommunen gjennom å ha gode og nære barnehagar og skular, tilgjengelege bustader og ein variert arbeidsmarknad.

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for sektorane sine planar og verksemd i kommunen, jf. pbl. §§ 11-2 og 11-3.

Med helsing

Sonja Håvik
rådgjevar

Dokumenter er elektronisk godkjent og har derfor ikkje signatur

Mottakar
Regine Solberg Aklestad



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
183/22	Formannskapet	15.11.2022
88/22	Kommunestyret	24.11.2022

Kommuneplanen sin samfunnsdel - slutthandsaming

Samandrag:

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek stilling til langsigte utfordringar, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, jf. plan- og bygningslova § 11-2.

Samfunnsdelen vil legge føringar for vidare arbeid med kommuneplanen sin arealdel, kommunedelplanar, temaplanar, handlingsplanar og økonomiplanar. Planen inneheld fire satsingsområde med hovudmål og delmål; Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling. Målsettingane skal følgast opp i temaplanar, handlingsplanar og anna planarbeid, og vere førande for konkrete tiltak i budsjett og økonomiplan. Indikatorane skal også synleggjera i budsjett- og økonomiplan, og nyttast som eit hjelpemiddel for å fylje med på om utviklinga går i ynskja retning. Arealstrategiane vil legge føringar for kommunen sin framtidige arealbruk.

Planen inneheld hovudmål og delmål innanfor fire satsingsområde; Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling. Hovudmålet knytt til grøn omstilling inneheld eit konkret utslippsmål. Reduksjonsmålet er ambisiøst, det kan verke urealistisk ut frå dagens situasjon og ei tilnærming til målet vil krevje store endringar.

Planen har vore lagt ut til høyring og offentleg ettersyn jf. vedtak i kommunestyret 16.06.2022. Innkomne merknader er handsama og plandokumentet er oppdatert etter dette.

Samfunnsdelen vert publisert som ei webside. Lenke til planframlegget:

<https://pub.framsikt.net/plan/volda/plan-5be1f7d2-0024-4f33-9fb0-7d80cb408f95-25848/>

Det er laga ein digital presentasjon til saka: <https://www.loom.com/share/646b86c6e4e646dbab00d338b9b4fdc8>

Kommunestyret skal ta stilling til om kommuneplanen sin samfunnsdel skal vedtakast etter plan- og bygningsloven § 11-15.

Kommunestyret 24.11.2022

Behandling:

Framlegg frå Raudt - nytt delmål under 5.1.1 vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, foreslått av Gudrun Kløve Juuhl, Raudt

Framlegg til nytt delmål under 5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn

Vi legg til rette for folk som vil busetje seg i kommunen gjennom å ha gode og nære barnehagar og skular, tilgjengelege bustader og ein variert arbeidsmarknad.

Røysting (33 røysteføre):

Forslaget frå Raudt vart samrøystes vedteke.

Innstillinga frå formannskapet, med tillegget frå Raudt, vart samrøystes vedteken.

KST - 88/22 Vedtak

Kommunestyret i Volda vedtek Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, jf. pbl. § 11-15, med nytt delmål under 5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn: Vi legg til rette for folk som vil busetje seg i kommunen gjennom å ha gode og nære barnehagar og skular, tilgjengelege bustader og ein variert arbeidsmarknad. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for sektorane sine planar og verksemd i kommunen, jf. pbl. §§ 11-2 og 11-3.

Formannskapet 15.11.2022

Behandling:

Arlid Iversen (Krf) fekk permisjon kl. 16.00, vara Jørund Knardal (Krf) tok sete.

Cecilie Rørstad (SV) fekk permisjon kl. 16.40, vara Margrete Trovåg (Ap) tok sete.

Røysting (9 røysteføre):

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteken.

FSK - 183/22 Vedtak

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, jf. pbl. § 11-15. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for sektorane sine planar og verksemd i kommunen, jf. pbl. §§ 11-2 og 11-3.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, jf. pbl. § 11-15. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for sektorane sine planar og verksemd i kommunen, jf. pbl. §§ 11-2 og 11-3.

Vedtak som innstilling frå Formannskapet , 15.11.2022 - 183/22

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

Kommunestyret i Volda vedtek Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022-2034, jf. pbl. § 11-15. Kommuneplanen sin samfunnsdel skal leggast til grunn for sektorane sine planar og verksemd i kommunen, jf. pbl. §§ 11-2 og 11-3.

Vedlegg:

Vedlegg 2_Oppsummering merknader samfunnsdelen
Vedlegg 3_Redigeringslogg samfunnsdelen etter høyring
Vedlegg 1_Samfunnsdelen slutthandsaming_utskriftsvenleg

Saksopplysningar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Samfunnsdelen til tidlegare Hornindal kommune vart vedteke i 2004, og samfunnsdelen til tidlegare Volda kommune i 2016. I 2020 vart Volda og Hornindal kommunar slått saman, og det vart gjort ei grensejustering med Ørsta kommune, slik at bygdene Bjørke og Viddal også hører til i den nye kommunen. Etter kommunesamanslåinga var det behov for ein ny, felles kommuneplan for den nye kommunen. I Volda kommune sin planstrategi 2020–2024 vart det vedteke at ein skulle starte på ny samfunnsdel i 2021. Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel vart vedteke 16.06.2021. Samfunnsdelen vert publisert som ei webside. Lenke til planen: <https://pub.framsikt.net/plan/volda/plan-5be1f7d2-0024-4f33-9fb0-7d80cb408f95-25848/>

Ein utskriftsbar versjon av planen er vedlagt (vedlegg 1).

Oversikt over dei ulike kapitla i planen:

1. Forord og innleiing - forord, innhald og tips til navigering
2. Rammer og føringar- oversikt over sentrale nasjonale, regionale og lokale rammer og føringar
3. Prosess og medverknad - planprogram, organisering av arbeidet og resultat frå gjennomførte medverknadsprosessar
4. Utviklingstrekk - tal og statistikk, utdrag frå kunnskapsgrunnlaga og oversikt over sentrale utviklingstrekk
5. Satsingsområde - planen sine fire satsingsområde med hovudmål og delmål, som skal ha ekstra merksemeld og ressursar i planperioden. Dei fire satsingsområda er; Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling.
6. Indikatorar - for å kunne følgje med på om utviklinga går i ynskja retning
7. Arealstrategiar - som skal bidra til at måla i samfunnsdelen vert følgjt opp i arealdelen
8. Oppfylging og strategiar for å lukkast - om korleis målsettingane skal følgjast opp i andre planar, og strategiar for korleis ein skal jobbe for å lukkast.

Innhald i planen, inkludert nærmere omtale av dei fire satsingsområda, indikatorane og arealstrategiane vart presentert da samfunnsdelen vart handsama 16.06.2022. Ein vil i dette saksframlegget difor fokusere mest innkomne høyringsmerknader og endringar i planen. Vedlegg 2 inneholder utdrag frå innkomne merknader, med kommunen sine kommentarar. Vedlegg 3 inneholder redigeringsloggen for planen.

Høyring og offentleg ettersyn

Kommuneplanen sin samfunnsdel har vore på høyring og offentleg ettersyn jf. vedtak i kommunestyret 16.06.2022 sak 31/22. Kommunen har motteke 17 merknader til planen.

Oversikt innkomne merknader:

1. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
2. Møre og Romsdal fylkeskommune
3. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
4. Direktoratet for mineralforvaltning
5. Kystverket
6. Statens vegvesen

7. Mattilsynet
8. Stryn kommune
9. Tenesteutval for helse og omsorg
10. Tenesteutval for oppvekst og kultur
11. Råd for personar med funksjonsnedsetting
12. Volda eldreråd
13. Hornindal grendeutval
14. Landbrukskontoret Ørsta Volda
15. Volda MDG
16. Naturvernforbundet i Ørsta og Volda
17. Kommunestyret

Lenker til dei enkelte merknadene er tilgjengeleg i vedlegg 2. Mange av merknadene har blitt følgt opp med endringar i planen, som t.d.:

- Det er gjort endringar i innleiingstekstane til alle satsingsområda i kap. 5.
- Det er gjort endringar i formuleringa til eit hovudmål og eit delmål:
 - Hovudmålet i kap. 5.2.1 er endra frå "Volda sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar" til "Volda kommune sine innbyggjarar opplever fleire leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale forskjellar."
 - Eit av delmåla i kap. 5.1.1 Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn har fått endra ordlyd, frå "Volda sentrum skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting og aktivitet" til "Volda sentrum som hovudsenter skal vere eit attraktivt og særprega sentrum for handel, busetting, besøk og aktivitet."
- Både innspel frå regionalt planforum og fleire av høyringssvara var knytt til indikatorene. Ein har difor hatt ein prosess både med kommunedirektøren si leiargruppe, folkehelsekoordinator, plan- og miljørådgjevar og andre, og oppdatert, skifta ut og lagt til indikatorar. Ein har lagt vekt på å velge indikatorar som er knytt til dei einskilde hovud- og delmåla, og i hovudsak nytte offentleg tilgjengeleg statistikk. Indikatorene skal nyttast (og vert nytta) årleg i budsjett og økonomiplan.
- Det er gjort fleire endringar i kap. 7 arealstrategiar, m.a.:
 - Ny arealstrategi knytt til universell utforming.
 - Ny formulering i arealstrategi knytt til næringsareal.
 - Omformulert arealstrategiar knytt til reiseliv og kulturmiljø.
 - Ny arealstrategi knytt til parkering i Volda sentrum.
 - Nye arealstrategiar knytt til støy.
 - Ny arealstrategi knytt til karbonrike areal.
 - Nye arealstrategiar knytt til massar og mineralressursar.
 - Nye arealstrategiar knytt til samfunnstryggleik og klimatilpasning, m.a. konkretisert arealstrategi knytt til overvasshandtering og teke inn prinsipp om blågrøn faktor (sjå meir om dette under).
- Lagt inn avsnitt knytt til universell utforming i ka. 8.2 Helse i alt vi gjer.

Redigeringsloggen for planen (vedlegg 3) viser kva endringar som er gjort etter at planen vart sendt på høyring.

Nærare om blågrøn faktor

Med bakgrunn i merknad frå Møre og Romsdal fylkeskommune og Mattilsynet og VA-sektoren i kommunen har ein konkretisert arealstrategi knytt til klimatilpassing og overvasshandtering. Det er eit ynskje å legge til rette for fortetting i tettbygde strok. Dette fører fort til mange tette flater og mindre naturleg areal for absorbering og drenering av overvatn. Meir ekstremver i form av intens nedbør er ein av dei utfordringane vi kan vente oss meir av i framtida og det er nødvendig at vi tek større omsyn til dette i framtidige utbyggingsprosjekt. Sjølv om ein har føresegner i gjeldande kommunedelplan om at overvatn

fortrinnsvis skal takast hand om ope og lokalt, ser ein at dette i praksis kan vere vanskeleg å følgje opp på ein god måte i reguleringsplanar. Blågrøn faktor er eit verkty som konkretiserer og måler i kva grad ein tek omsyn til blågrøne strukturar og handtering av overvatn. I tillegg til å vere eit klimatilpasningstiltak kan dette også bidra til å styrke naturmangfald og legge til rette for gode buområde. Ein har difor i revidert plan konkretisert arealstrategien knytt til overvasshandtering.

Les meir om blågrøn faktor:

- "Blågrønn faktor for boliger i Oslo - brukerveiledning for norm", lenke:
<https://www.nordrefollo.kommune.no/globalassets/nordre-follo/tjenester/plan-bygg-og-eiendom/byutvikling-og-arealplaner/dokumenter-og-veiledere/blagronn-faktor---brukerveiledning-for-blagronn-faktor-1.pdf>
- "Norm for vegetasjon og vannhåndtering i Oslo", lenke:
<https://www.oslo.kommune.no/getfile.php/13452045-1653989113/Tjenester%20og%20tilbud/Politikk%20og%20administrasjon/Bydeler/Bydel%20Vestre%20Aker/Politikk/Politiske%20saker/2022/2022-06-16%20Orientering%20om%20forslag%20til%20revidert%20kommunal%20norm%20for%20vegetasjon%20og%20vannh%C3%A5ndtering%20BI%C3%A5gr%C3%B8n%20faktor/Norm%20for%20vegetasjon%20og%20vannh%C3%A5ndtering%20i%20Oslo.pdf>

Vurdering og konklusjon:

Med bakgrunn i kommunal planstrategi, varsla oppstart av planarbeid og planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel er det utarbeidd eit planframlegg til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Planframlegget tek stilling til langsiktige utfordringer, mål og strategiar for kommunenesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon, jf. plan- og bygningslova § 11-2. Planframlegget inneheld målsettingar og strategiar som vil gje føringar for anna planarbeid og framtidige budsjett og økonomiplanar.

Planen inneheld hovudmål og delmål innanfor fire satsingsområde; Vekstkraft og attraktive lokalsamfunn, Livskvalitet og meistring, Grøn omstilling og Organisasjonsutvikling.

Hovudmålet knytt til grøn omstilling inneheld eit konkret utslippsmål. Reduksjonsmålet er ambisiøst, det kan verke urealistisk ut frå dagens situasjon og ei tilnærming til målet vil krevje store endringar.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende konsekvensar.

Konsekvensar for folkehelsa: Livskvalitet og meistring er eit av fire satsingsområde i planen. Helse i alt vi gjer er ein strategi for å lukkast.

Miljøkonsekvensar: Grøn omstilling er eit av fire satsingsområde i planen.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende konsekvensar.

Beredskapsmessige konsekvensar: Samfunnstryggleik og beredskap er tema i planen.

Konsekvensar for barn og unge: Bu- og oppvekstmiljø og andre tema knytt til barn og unge er tema i planen.

Har eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd fått saka til uttale? Ja.

Rune Sjurgard
Kommunedirektør

Utskrift av endeleg vedtak: